

Saksbehandlar: Olav Øyrehagen, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/1675-1

Utstyr til ettersøkslaga i kommunen

Kommunalsjefen rår viltnemnda til å gje slik tilråding:

1. Det skal kjøpast inn to termiska kikkertar og ein ein vinsj til ettersøkslaga i Sogndal.
2. Kjøpet er heimla i forskrift om kommunale viltfond m.m. § 5.

SAKSFRAMSTILLING

2. Bakgrunn for saka

Ettersøkslaga har etterspurt utstyr til bruk under ettersøk på oppdrag for kommunen. Dette gjeld særleg påkøyrslar av hjort.

Dei har etterlyst å kunne bruka termiske kikertar i ettersøk. I tillegg ynskjer dei å ha ein vinsj som kan brukast ved fjerning av daude hjortar.

Innkjøp av utstyr til ettersøkslaget samt andre mindre tilskot frå viltfond bør avklarast politisk i høve kva handsaming ein skal leggja opp til.

3. Vurderingar og konsekvensar

Bruken av termisk kikert kan gi ettersøkslaga raskare overblikk over situasjonen der ein har skada eller daude dyr. Kroppsvarmen frå levande dyr viser tydleg gjennom kikerten, og ved skadar som krev avliving kan bruken av termisk kikert gjera at dyra får ei kortare liding. Vi vurderer difor at innkjøpet vil gi betra dyrevelferd for skada vilt i kommunen. Ettersøksarbeidet kan også gjerast enklare ved at ein skaper eit oversiktsbilete av kor mange dyr som er i området søket føregår.

Bruk av termisk kikkert i ettersøksarbeid kan også gi raskare funn i ettersøk i samband med ordinær jakt og vera ei føremon for dyrevelferd i dei høva.

Bruken av vinsj i ettersøksarbeidet for kommunen kan gjera at oppdrag som har krevd 2-3 personar kan utførast av ein person. Det har også vore tydleg ved fleirte høve at ein

treng vinsj til fjerning av daude dyr. Særskilt hjort som ligg i vatn i sentrumsnære område har vore problematisk å flytta. Bruk av vinsj kan gi ei meir effektiv flytting av dyra. Dette gir ei økonomisk innsparing i slike oppdrag.

Pris for termisk kikkert er 23 625,-. Ein bør gjera innkjøp av to kikkertar som kan fordelast til bruk i heile kommunen. Vinsj kostar om lag 15 000,-. Her bør det holda med ein til bruk i heile kommunen då det er noko sjeldnare at ein nyttar slikt utstyr.

Ved handsaming av tilskot frå viltfondet og innkjøp av utstyr til ettersøkslaget vil det vera lite føremålsteneleg at alt vert handsama politisk. Å setja ei beløpsgrense for politisk handsaming kan gi ei føreseielegheit og effektivitet for administrasjon, politikarar og søkjarar. Vår vurdering er at utbetalingar opp til 30 000,- kan gjerast administrativt. Dette er også i tråd med praksis i dei tidlegare kommunane.

§ 5 forskrift om kommunale viltfond m.m. seier at kommunale viltfond kan nyttast til å dekkja kommunen sine utgifter til håndtering av skada vilt. Vi vurderer difor at innkjøp av utstyr til ettersøkslaget er heimla i forskrifta.

4. Konklusjon

Kommunen kjøper inn termiske kikkertar og ein vinsj til bruk i ettersøksarbeid. Dette vil gi betre dyrevelferd, og raskare avliving av skada vilt, samt betre arbeidstilhøve for medlemane i ettersøkslaget.

Bruken av midlar frå viltfondet er heimla i forskrift om kommunale viltfond m.m. § 5.